


REGESTRANDA - SOLAVIKA

Kartet syner verna areal ved Regestranda – Solavika. Delar av dette er sikra av Staten, Sola kommune og Jæren friluftsråd som offentleg friluftsområde for ålmenta. Jæren Friluftsråd har ansvar for drift av friluftsområdet – tlf. 51 66 71 70. Områda omkring er i stor grad private. Dette er det mest besøkte friluftsområdet langs Jærstrendene. Sanddyner og strand er utsett for slitasje og forsøpling. Bli ein sann dynevenn!



FUGLELIVET

Solavika er kjent som eit viktig kvile- og overvintringsområde for vassfugl som toppskarv og ulike ender, men og sjeldne artar som islom, gråstrupe-dykkar og horndykkar. Langs vasskanten på Regestranda og nordre del av Solavika vil ilanddriven tare ofte trekkje til seg flokkar av ulike vadefuglar under vår- og hausttrekket.

PLANTELIVET

Bakdynene på Regestranda har rik dyregraseng med mange planteartar, særleg i mai – juni kan fargerik flora nytast. På flyplassområdet i aust er eit større område plantefreda. Området har ei rekkje nasjonalt sjeldne artar som bakkesøte og orkideane engmarihand, fjellmarihand, og nattfiol. Nordre del av Solavika har fint utvikla bakdyner og vassrikt dynetrau med særreigne planter.

KULTURMINNER

Nausta langs kysten er viktige kulturminne som spenner over lange tidsrom. Ved vegen aust på Regestranda ligg ei forhistorisk nausttuft som vitnar om strandkanten i tidlegare tider, medan naustet lengst i vest er eit nyare kulturminne. Siste verdskrigen har late etter seg mange krigsminne som bunkersanlegg og skyttarstillingar vest på Regestranda og ved Strandhotellet.




Ærfuglen sine fjør har gitt varme i sengene til folk.



Toppskarv – ser du fjørpnyden på hovudet ?



Dvergsnipe – kjappfota spirrevipp på trekk.



Augnetrøst – liten og nydeleg, veks på ugjødsla beitemark.



Øyentrøst - liten og nydeleg, vokser på ugjødsla beitemark.

